

**Julenummeret av Uskedalsposten er nettopp lagt ut for salg. Etter at eg så vidt har fått det i hendene, er det berre å slå fast at dette nummeret er knallbra! Det er rekordstort, heile 48 sider! Innhaldet er svært godt og interessant.**

Innhaldet er prega av at det er eit julenummer, og mykje av stoffet har tilknytning til julehøgtida. Det er høg kvalitet på innhaldet, breidda på det er stor og det er svært mange interessante artiklar av høg kvalitet. Vi skal ikkje røpa for mykje av det, men tar med ei punktliste slik at lesarane våre kan få eit inntrykk av det store omfanget:

- Juleandakt ved Oddbjørg Heimark
- Femtedagsfestane i Helgheim
- Reise til Jesu fødestad med Torfinn Myklebust
- Livet på Skorpo for meir en hundre år sidan
- Pilgrimsvandring i Spania
- Til Ukraina med "Humanitarian aid"
- Ny på Rosendal Ungdomskule
- Unge skyttarar frå Uskedalen
- Julestoff m.m.

Her er noko for einkvar smak, - både unge og eldre! Vi skjønar godt at Uskedalsposten er blitt så populær lesnad blant bygdefolket.

Dei garva avisfolka Torfinn Myklebust og Ola Matti Mathisen sikrar kvaliteten på avisa, men aller mest imponert er vi likevel av den gode og store produksjonen til dei unge journalistane Eirin R. Kjærland, Lars Fausk og Erik Fausk.

Uskedalsposten sitt julenummer vert nok kjærkome blant alle uskedelingar. Eit godt tips er det og å putta det i pakkas som skal til utflytta sambygdingar. Det vil garantert bli sett pris på!

Uskedalsposten er å få kjøpt på følgjande plasser: Spar Uskedalen, XY Uskedalen, Lises Krambu, Gro`s Blomster og Joker Herøysund.

Av: Thor Inge Døssland